

**Fra:** Eirik Søyland Laskemoen Herdlevær (Eirik.Soyland@sjofartsmuseum.no)

**Sendt:** 14.06.2018 17:28:23

**Til:** Jostein Aksdal

**Kopi:**

**Emne:** RE: Høyring av kommuneplanens arealdel Kvam herad Hordaland - epost 1 av 5

**Vedlegg:** image004.png;image005.png;image006.png;image007.png;image008.png;image009.png;image003.png

**Hei,**

Har sett på det og sett på områdene, generelt har vi ikke så mye data om Kvam men vi har noen steder det er drevet Skottehandel. Vi har noen kommentarer som ligger i uttalen under

---

## **Vedr. Høyring av kommuneplanens arealdel Kvam herad Hordaland - epost 1 av 5.**

Vi viser til e-post fra Hordaland Fylkeskommune motteke 30.05. 2018.

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.

Vårt ansvarsområde, etter føresegn til Lov av 9.juni 1978 nr. 50 om kulturminne, gjeld marine kulturminne og omfattar derfor sjø- og strandområda, samt vann og vassdrag. Bergens Sjøfartsmuseum er etter føresegna til Kulturminneloven marinarkæologisk uttalemuseum i forbindelse med alle tiltak som råkar sjøbotnen.

Museet er vidare rette myndighet til å krevje undersøkingar ved tiltak, planer og utreiingar som vil kunne råke kulturminne under vann, og skal derfor underrettast ved oppstart av alle regulerings- og byggeplanar, samt andre tiltak som omfattar sjøareal. Vi minner om at undersøkingsplikta i Kulturminnelovens § 9 også gjeld for sjøbotnen og i vassdrag. Døme på tiltak i sjø er mudring/graving, utfylling/dumping, legging av vassleidningar, bygging av kaier, brygger, flytebrygger med meir. Særskild for kulturminne i vatn og sjø er Kulturminnelovens § 14 som inneber at skip- og skipslast eldre enn 100 år er statleg eigedom.

Våre kommentarar:

- S 5: Me har gjennomført marinarkæologiske undersøkingar ved Tørvikbygd ferjekai. Det er mellom anna eldre fortøyningsboltar i området som me ynskjer blir tekne omsyn til ved utbygging i området. Sjølv om desse ikkje har noko formelt vern.
- AK 2: Svært djupt i området, vi har ikkje noko her i våre arkiv. Det er som resten av Hardangerfjorden, et generelt potensial for marine kulturminne.
- N 3: Me kjenner til at det har vore ei hamn i Gravdal som vart nytta til handel med tømmer under Skottehandeltida. Me reknar det for å vera et høgt potensial for maritime kulturminne i område. Krav om undersøking må påreknaust.
- SBH 6: Me kjenner til at det har vore hamn nytta til handel med tømmer under Skottehandeltida. Høgt potensial for maritime kulturminne i området.
- AK 12: Svært djupt i området, et visst potensial grunna trelasthandel under Skottehandeltida (SBH 6)
- Selstein-Bakka-ytre Børshheim: Det har vore Skottehandel også her. Me er generelt negativ til å fjerna 25 meters byggjegrense i sjø i dette området. Marinarkæologiske undersøkingar ved regulering eller tiltak må påreknaust.
- Risa: Eit visst potensial for kulturminne under vatn grunna Skottehandel i nærområda.
- AK 14: Eit visst potensial for kulturminne grunna Skottehandelområde ved Ljonestangen. Fortøyningane på anlegget kan få begrensningar/krav om undersøking.
- N 17, 18, 20: Eit visst potensial for kulturminne grunna nærleik til Skottehandelområde ved Ljonestangen.



Eirik Søyland Laskemoen Herdlevær / Marinarkeolog

[eirik.soyland@sjofartsmuseum.no](mailto:eirik.soyland@sjofartsmuseum.no) / 55 54 96 02

Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum

[Sjofartsmuseum.no](http://Sjofartsmuseum.no)

Haakon Sheteligs plass 15, 5007 Bergen



**From:** Jostein Aksdal [mailto:[Jostein.Aksdal@hfk.no](mailto:Jostein.Aksdal@hfk.no)]

**Sent:** Wednesday, May 30, 2018 12:11 PM

**To:** postmottak@ra.no; Marinarkeologi@Bsj. Uib. No ([marinarkeologi@bsj.uib.no](mailto:marinarkeologi@bsj.uib.no))

**Subject:** Høyring av kommuneplanens arealdel Kvam herad Hordaland - epost 1 av 5

Hei

Forslag til kommuneplan arealdel 2018-2030 Kvam herad er på høyring. Beklager eg hvis har me hatt problemer med å sende ut saka til vurdering gjennom postsystemet vårt.

Derav blir det fleire eposter (5 stykk) på grunn av storleiken til dokumenta. Kommuneplanens arealdel har fleire nye tiltak i sjø og me ber om at desse vert vurdert i høve til marine kulturminne.

Opp i mot Riksantikvaren sitt ansvarsområde er det omfattande arealbrukskonflikt med kyrkjested og gravplass i Øystese.

Kvam herad har også lagt ut dokumenta i saka på nettstaden sin, her kan De også laste inn dokument i fra saka.

<https://www.kvam.no/tenester/plan-bygg-og-eigedom/kunngjering-hoering/framlegg-til-ny-kommuneplan-pa-hoering.13033.aspx>

Me har fått utvida frist i saka, men på grunn av ferieavvikling og frist for politisk sak ber me om fråsegn innan ca 15.06.2018

Venleg helsing

**Jostein Aksdal**

Arkeolog - Seniorrådgjevar

Kultur og idrettsavdelinga | Fylkeskonservatoren



Tlf: 55 23 99 70 | Mob: 902 07 124

[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)